

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Tom Skauge sette fram forslag om å utsetja saka.

Grunnlaget for denne planen er eit planprogram for E39 som i alle deler er overdimensjonert og skadeleg for klima. Plan om fire felt for 110 km/t vil og forsinke arbeidet med eit tenleg vegnett langs kysten.

SAMU ber administrasjonen komme tilbake med nytt framlegg når eit nytt planprogram for E39 er lagt fram.

Røysting

Forslaget om utsetjing fekk 1 røyst (SV) og fall.

Tom Skauge sette fram forslag til nytt pkt

Det er for tidleg i planprosessen å satse alt på kryssing av Bjørnafjorden. SAMU ber om at det blir tatt kontakt med Regjeringa for å få tilbake alternativ indre trase og ferjealternativet til vidare utgreiing.

Tom Skauge sette fram protokollmerknad.

Svein Halleraker sette fram fellesforslag frå H, A, FRP, KRF, SP om justeringar av teksten i innstillinga pkt 3, 4, 5 og 7.

Røysting

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt fekk 1 røyst og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 og 2 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6 og 8 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 7 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Svein Halleraker sitt fellesforslag pkt 3, 4, 5 og 7 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek moglegheitsstudie for fylkesveggar knytt til E39 Bergen- Rogaland til orientering, og ber fylkesrådmannen leggje den til grunn i det vidare arbeidet opp mot statleg plan for kommunedelplannivå for E39 Stord-Os, samt for neste rullering av Regional transportplan.
2. Med ny E39 vil innfallsporten til Tysnes bli endra. Fylkesutvalet meiner det er særleg er behov for å sikre at Tysnes får ei best mogleg tilknytning frå E39 inn mot kommunesenteret Ugddal, og meiner at strekninga bør inngå som ein del av planlegginga av E39- prosjektet.
3. Fylkesutvalet ber om at det i regi av det statlege planarbeidet for E39 Stord –Os blir starta eit arbeid med ei utgreiing av moglege konsept for bru mellom Reksteren og Austevoll med sikte på å leggje til rette for ei føremålstenleg kryssløysing på E39 på Reksteren.
4. Fylkesutvalet meiner at innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er sentralt for å utvikle Sunnhordlandsregionen, og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Statens Vegvesen og Stord og Kvinnherad kommune om korleis dette kan løysast.
5. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak om Aust- vest samband, og legg til grunn at tverrsamband mellom Fusa og Os, bru over Ålfjorden mellom Etnesjøen og ferjefritt samband mot Kvinnherad frå Tysnes eller Stord må vurderast som statleg vegprosjekt i ein KVVU for strekninga Jøsandal-Bergen.
6. Det må i planarbeidet for E39 og i Regional transportplan arbeidast med å utvikle ein effektiv kollektivstruktur som kan betre konkurransekrafta for kollektivtrafikken.
7. Fylkesutvalet peiker på behovet å leggje til rette for ein positiv og berekraftig utvikling i Sunnhordland,

og ønsker å bidra med plankompetanse og plankapasitet til å bistå kommunane i viktige prosjekt knytta til tverrsambanda inn mot E39.

8. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta kontakt med Rogaland fylkeskommune om å få utarbeida ein felles moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 på strekninga Bokn-Stord.

Protokollmerknad frå Tom Skauge

SV røystar mot fleire av framlegga i saka.

Grunnlaget for denne planen er eit planprogram for E39 som i alle deler er overdimensjonert og skadeleg for klima. Plan om fire felt for 110 kmt vil og forsinke arbeidet med eit tenleg vegnett langs kysten.

SV ber administrasjonen komme tilbake med nytt framlegg når eit nytt planprogram for E39 er lagt fram.